



Bø kommune

# AVTALE

## ELEKTROTENESTAR – BØ KOMMUNE VED TEKNISK EINING.

1. Denne avtala gjeld mellom Bø Installasjon as og Bø kommune.
2. Avtala omfattar levering av handverkstenestar innanfor svak- og sterkstraumsanlegg. Ved større arbeid eller prosjekt med ei estimera kostnadsramme over kr 100.000,- eks. mva. står Bø kommune fritt til å gå ut med eigen anbodskonkurransse.
3. Avtala gjeld frå 1.4.2017 og fram til 1.4.2019 og kan prolongerast av Bø kommune med 1 + 1 år. Maksimal avtaleperiode blir då 4 år.
4. Avtala har ei gjensidig oppseiing med 3 månaders varsel. Oppseiinga skal vera skrifteleg.
5. Bø Installasjon as forpliktar seg til å ha 24 timars døgnvakt heile året og med ei responstid på ½ time ved kritisk service eller havari. Responstid ved vanleg serviceoppdrag skal elles ikkje vera lenger enn to virkedagar. Firmaet må stille med fagfolk som er kjent med den type utstyr som Bø kommune har. Vidare må desse ha godkjent utdanning, sertifisering og brei praksis innanfor sitt arbeidsfelt. Bø Installasjon as forpliktar seg til ei kvar tid å ha tilsette på området elektronikk som har god kunnskap om pls (datastyring), frekvensomformarar og andre elektroniske styre-/radiosystem.
6. Bø Installasjon as er til ei kvar tid pliktig til å følgje Bø kommune sine prosedyrar/instruksar som gjeld med omsyn til tryggleik for personar og anlegg.
7. Følgjande prisar gjeld for avtaleperioden:

Type vare/teneste:	Påslagsprosent på sjølvkost:	Timepris i kr utan mva.:
Nettopris for kablar og leidningar	30	
Nettopris for rør tak- og veggboksar fittings m.m.	30	
Nettopris for brytarar	30	
Nettopris stikkontaktar, støpsel m.m.	30	
Nettopris sikringsmateriell	30	
Diverse belysningsarmaturar ute og inne	30	
Vifter, varmevifter og termostatar	30	
Elektrovarme og termostatar	30	
Utstyr til alarm anlegg, verktøy og instrumenter	30	
Datakablar og kategorikablar	30	
Koplingsmateriell for tele og data	30	
Timepris for montør		485,-
Timepris for lærling		240,-
Køyring, fast sum pr. oppdrag innafor Bø kommune		60,-

Bø kommune har høve til å krevje framlagt dokumentasjon på at nytta sjølvkostpris er rett. I tillegg skal Bø Installasjon as kvart år syte for å sende over ei materialliste for dei ti mest kjøpte/nytta produkta.

8. Timeprisen er fast utan indeksregulering fyrste avtaleåret. Deretter blir denne regulert årleg etter SSB sin indeks for byggjekostnadar ([www.ssb.no/bkibol](http://www.ssb.no/bkibol)), byggjekostnadsindeks for bustadblokk (tabell 08655) og elektrikararbeid i alt.
9. Ved arbeidsoppdrag og vaktutkallingar utanom ordinær arbeidstid/heilag dagar skal Bø kommune bare fakturerast ekstra for det som er normale timelønstillegg ved slike høve. Det skal ikkje betalast noko i form av eige gebyr for utkalling på vakt.
10. Bø kommune skal normalt bestille sine elektrotjenester direkte til Bø Installasjon as sin utpeika kontaktperson..
11. Ein gong i året eller ved behov skal det arrangerast eit kunde-/leverandørmøte.
12. Betalingsrutinane for tenestene omfatta av denne avtala er som følger:  
Fakturar skal sendast elektronisk til Bø kommune sin fakturaavdeling. Spesifisert samlefaktura for innkjøp frå butikk.  
Betalingsfrist er fri fakturamånad + 30 dagar. Betalingstida reknast frå fakturadato på korrekt faktura. Rentefaktura vil ikkje verta akseptera der sein betaling frå Bø kommune skuldast mangelfull/feil dokumentasjon, pakksetel, faktura etc. frå Bø Installasjon as.  
Gebyr eller andre former for tillegg vil ikkje verta akseptera utan at dette på førehand er avtala.
13. Fakturaen skal innehalde:
  - Namn på bestillar
  - Vareadresse
  - Opplysende tekst om kva som er utført/levera
  - Vedlegg med samsvarserklæring, time-/materiallister og teikningsdokumentasjon
14. Ved alle endringar/nye installasjonar på kommunen sine elektriske anlegg er Bø Installasjon as ansvarleg for at teikningar etc. vert oppdatert og ajourført. Dette skal gjerast etter dei normene som Bø kommune set til dette. Teikningane skal vera i dwg-format.
15. I tilfelle tvist om tolking av avtaledokumentet og øvrige dokument knytt til avtala så skal dokumenta ha følgjande prioritet:
  - a) Dette avtaledokumentet
  - b) Konkurransgrunnlag publisert på Doffin 24.11.2016
  - c) Bø Installasjon as sitt tilbod

Bø, den. 11/4-2017

  
.....  
for Bø installasjon as

  
.....  
for Bø kommune